

---

Vår referanse 2020/79650-4  
Dato 08.02.2021

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjonssøknad - Oppføring av bustad med veg, garasje, carport - Fv 5306 - Gnr 323 bnr 23 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling infrastruktur og veg syner til brev motteke 19.12.2020 der de ber om uttale til søknad om dispensasjon.

### Kva saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå 1)byggjegrænse frå regulert vegtilkomst; 2)frå tal etasjar i reguleringsplan; 3) frå gesimshøgde i reguleringsplan og 4) frå tomteutnytingsgrad i KDP for Meland på samla BRA på tomten på over 400 m2 for oppføring av bustad med garasje, carport, bod, støttemurar, snuhammar og vegtilkomst på gbnr 323/23 Frekhaug i Alver kommune.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Frekhaug Aust med planid nr 125619930624 er definert som bustadføremål. I tillegg til reguleringsplanen gjeld kommunedelplan for Meland då denne reguleringsplanen ikkje skal gjelde foran kommuneplan, jfm. tabell 10.1 i føresegnene i KDP Meland. Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 20 % BYA.

### Uttale

Jamvel om tiltaket er i tråd med planføremålet er reguleringsplanen gamal. Vi meiner at planen vedteken i 1994 ikkje er oppdatert ihht. dagens standard. Dersom planen hadde blitt utarbeidd i dag hadde vi som vegmynde stilt rekkefølgekrav om opparbeiding av trygg skuleveg før oppføring av nye bustader. Vi er kritiske til tiltaket all den tid det ikkje er etablert trygg skuleveg til næraste skule.

Vi ber om å få saka til klagebehandling når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Hege Løvteit  
leiar

Silje Svanevik-Røren  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*